

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2024

Fredag 13.12.24 vart det halde møte kl. 15.00-16.00 på Teams.

Til stades:

Giske kommune: varaordfører Harry Valderhaug
Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Hareid kommune: ordfører Bernt Brandal
Herøy kommune: varaordfører Karl-Oskar Sævik
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld
Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim
Ålesund kommune: politikar Anne Berit Støyva Emblem

Forfall:

Fjord kommune: varaordfører Jens Aklestad
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styrelleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)
1. varamedlem Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

Andre:

Anne Mette Liavaag, assisterande kommunedirektør i Ålesund kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Sak 20/2024: Velkommen

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Leiaren av representantskapet ønskte velkomen til møtet.

Sak 21/2024: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 22/2024: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Saklista vert godkjend.

Sak 23/2024: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Einar Arve Nordang og Per-Are Sørheim vert valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 24/2024: Tilsetting av ny dagleg leiar for Sunnmøre regionråd IKS/IPR

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Jf. selskapsavtalen for Sunnmøre regionråd IKS § 8 vert dagleg leiar tilsett av representantskapet etter tilråding frå styret.

Styret ved styreleiar ga si tilråding til representantskapet om tilsetting av ny dagleg leiar for Sunnmøre regionråd IKS/IPR.

Vedtak: Representantskapet vedtek å tilby Sverre Øvrelid Steen stillinga som dagleg leiar for Sunnmøre regionråd IKS/IPR.

Sak 25/2024: Budsjett Sunnmøre regionråd 2025

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om forslaget til budsjett 2025 for Sunnmøre regionråd IKS. Styret vedtok i sak 48/24 på styremøte nr. 6-2024 (20.11.24) å tilrå budsjettforslaget for 2025 og legge det fram for handsaming i representantskapet.

Vedtak: Representantskapet vedtek budsjettet for 2025 slik det er foreslått.

Sak 26/2024: Omorganisering av Sunnmøre regionråd til interkommunalt politisk råd (IPR)

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Representantskapet vedtok i sak 17-2024 (25.10.24) følgande:

«Representantskapet sluttar seg til framlegget til samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd IPR. Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra.»

Administrasjonen sende sak til kommunestyra 1. november 2024. Førabels har administrasjonen i Sunnmøre regionråd motteke melding om vedtak frå 6 deltakarkommunar om at dei sluttar seg til samarbeidsavtalen.

Kommunestyra vedtek sjølv å opprette rådet. Samarbeidsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyra i alle deltakarkommunane har vedtatt å slutte seg til avtalen.

Sak 27/2024: Oppløysing av Sunnmøre regionråd IKS. Val av avviklingsstyre

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Representantskapet vedtok i sak 18/2024 (25.10.24) følgande:

«Representantskapet sluttar seg til framlegget om å oppløyse Sunnmøre regionråd IKS. Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra. Valnemnda legg fram forslag til avviklingsstyre til neste møte i representantskapet.»

Etter selskapsavtalen § 11 kan selskapet oppløysast dersom $\frac{3}{4}$ av eigarkommunane er samde om det.

Administrasjonen sende sak til kommunestyra 1. november 2024. Per d.d. har administrasjonen i Sunnmøre regionråd motteke melding om vedtak frå 6 deltakarkommunar om at dei vedtek å oppløyse Sunnmøre regionråd IKS.

På bakgrunn av tilbakemeldingane på representantskapsmøtet la representantskapet til grunn at vilkåret om at $\frac{3}{4}$ av eigarkommunane er samde om å oppløyse Sunnmøre regionråd vert oppfylt.

Valnemnda har i e-post til administrasjonen informert om at dei 18.11.24 har hatt eit møte på Teams, der dei har kome fram til å renominere dagens styre i Sunnmøre regionråd IKS til avviklingsstyre i same selskap.

Vedtak: Representantsskapet vel dagens styre i Sunnmøre regionråd IKS til avviklingsstyre, dvs.:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune)
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune)
Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordførar i Haram kommune)
Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)
2. vara Jarle Strømmegjerde (varaordfører i Sykkylven kommune)
3. vara Tove Halse Digernes (varaordfører i Ørsta kommune)
4. vara Einar Arne Ekroll (varaordfører i Sande kommune)
5. vara Lisa Mari Breivik Anderson (varaordfører i Ulstein kommune)

Sak 28/2024: Møtedatoar i 2025

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Representantskapet avtalte å halde møte 27. februar og 10. april 2025.
Møta skal i utgangspunktet vare frå kl. 10.00-14.00. Møtet 10. april vert lagt til Ålesund.

Sak 29/2024: Sak til eventuelt: Uttale frå Sunnmøre regionråd til Helse- og omsorgsdepartementet om detaljstyring på enkeltområder i Helse Møre og Romsdal HF

Nestleiar i styret Sølvi Dimmen tok opp saka. Ho hadde skrive eit forslag til tekst som ho las opp i møtet.

Teksten var som følger:

«Det er viktig å sikre eit best mogleg helsetilbod til alle innbygarane i Møre og Romsdal. Når helseføretaket må tilpasse helsetilbodet til dei rammer som er gitt, er det uehuldig å bli detaljstyrt på enkeltområder utan å sjå konsekvensane for heilskapen.


Helseføretaket må gjennom gode prosessar ta ansvar for å tilpasse drifta til rammene og eit best mogleg tilbod innanfor tilgjengelege ressursar. Alle må bidra til at HMR får orden på økonomien og vert i stand til å framleis gi eit godt helsetilbod til alle innbygarane i fylket.»


Vedtak: Administrasjonen i Sunnmøre regionråd følger opp saka og sender ein uttale til Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 30/2024: Sak til eventuelt: Manglande driftsmidlar til Runde Miljøsentier over statsbudsjettet

Representantskapsmedlem Bernt Brandal viste til at Runde Miljøsentier ikkje har fått midlar i statsbudsjettet for 2025. Han bad om at dei får møte styret i Sunnmøre regionråd.

Ålesund, 13. desember 2024


.....
Turid Humlen


.....
Einar Arve Nordang


.....
Per-Are Sørheim